

## Notat

**Til:** Hovudutval for opplæring  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Sett-Høyr-Spurt Tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid

Fylkesdirektøren for opplæring har søkt og fått midlar frå utdanningsdirektoratet til ei ordning for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Ordninga er eittårig og vil gjelde for skuleåret 19/20.

Bakgrunnen for utlysinga er rapporten *Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid* (Riksrevisjonen 3:9, 2015-2016). Rapporten slår fast at det er for få gode tilbod for unge utanfor opplæring og arbeid.

#### Bakgrunnen for søknaden

Sogn og Fjordane har dyktige og kompetente lærarar, som år etter år fører elevane fram til gode resultat og høg gjennomføring i vidaregåande opplæring. Likevel har vi elevar som fell utanfor ordinær opplæring og treng alternative tilbod som ikkje er knytt til tradisjonelle undervisningsformer, men heller til eit relasjonsretta og praksisnært danning- og læringsarbeid.

#### Målsetjing

Ordninga har som mål å motivere og klargjere ungdommen til å byrje eit opplæringsløp som gir sluttkompetanse.

#### Sett-Høyr-Spurt i Sogn og Fjordane

##### Målgruppe

I første rekke vil ordninga rette seg mot elevar med behov for eit praktisk læringsmiljø, elevar med sosiale- og emosjonelle vanskar og elevar med behov for eit miljøskifte. Ordninga føreset eit tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

##### Etablering

Fylkesdirektøren har saman med Flora vidaregåande skule vurdert at det er grunnlag for å etablere ordninga i Florø. Vurderinga viser at skulen har gode føresetnadar til å realisere ordninga som eit prøvetiltak.

##### Organisering

Ordninga vert organisert med styringsgruppe, arbeidsutval og referansegruppe.

###### Styringsgruppa:

- fylkesdirektøren for opplæring
- leiarar frå to vidaregåande skular
- representant for dei tilsette

Gruppa har overordna mynde som gjeld prinsipielle avgjersler om innhald og gjennomføring.

Arbeidsutvalet:

- to representantar frå fylkesdirektøren for opplæring
- prosjektleiar

Utvalet har ansvar for at handlingsplanen blir utført og å knyte til seg aktuelle samarbeidspartar. Utvalet skal jamleg orientere styringsgruppa om drifta.

Referansegruppe:

- representantar frå ein vidaregåande skule
- representantar frå to ungdomsskular, KS representasjon
- fylkesdirektøren for opplæring; team for opplæring i bedrift
- arbeidstakarorganisasjonane, 1 felles representant
- tilsett i Oppfølgingstenesta
- NAV representant

Arbeidsutvalet vil drøfte faglege synspunkt og løysingar på ulike problemstillingar med referansegruppa.

### *Innhald*

Meistring og fagleg kompetanse er bygd på god helse, høg trivsel og læring. Ordninga bygger derfor på

- ei styrkebasert opplæring
  - samtale med merksemd på å fremje eleven sine styrkar, verdiar og mogelegheiter til ei yrkeskarriere
- å etablere god helseåtferd
  - felles måltid
  - fysisk aktivitet
  - meistringsstrategiar
- ei praksisnær opplæring
  - verkstader med høve til å få kjennskap til ulike programområde

Med utgangspunkt i etablerte rutinar for oppfølging av einskilde elevar, blir ungdommane identifisert, kartlagt og teke inn i ordninga fortløpande gjennom skuleåret.

Når som helst i skuleåret skal eleven seie:

«Eg er i eit læringsmiljø som møter meg med tillit, respekt og krav.

Eg bruker evnene mine og får utfordringar som fremjar lærelysta mi. Her trivest eg»

### **Finansiering**

Prosjektet blir finansiert av tildelte midlar frå Utdanningsdirektoratet og fylkeskommunale midlar avsett til arbeid med auka gjennomføring.